

Hovudskadar og hjernesekaking hos barn

Hjernesekaking er hovudskade med kortvarig bortfall av bevisstheit eller minne/hugs. Kvalme aleine blir ikkje oppfatta som eit symptom på hjernesekaking. Hos barn er det ofte svært vanskeleg å vurdere om barnet har hatt ei hjernesekaking.

Hjernesekaking er i utgangspunktet ein ufarleg tilstand, og risikoen for varig skade er svært liten, men ein sjeldan gang kan det utvikle seg små blødingar i hjernen eller mellom kraniet og hjernehinne. Dette er grunnen til at ein vil observere barnet etter ein hovudskade. Dersom barnet ikkje blir lagt inn på sjukehus, er det foreldra eller andre pårørande som observerer barnet heime.

OBSERVASJON HEIME

Om dagen:

Bevisstheitstilstanden til barnet er det viktigaste å observere. Endringar i bevisstheitstilstanden til det verre er eit faresignal, og lege må kontaktast for råd. Dersom barnet sovnar på dagtid, skal det vekkjast kvar time.

Kontakt lege også ved:

- Aukande eller kraftig hovudpine
- Gjenteke episodar med kvalme/oppkast
- Aukande irritabilitet
- Aukande trøytteik

Om natta:

Første 6 timar etter skaden skal barnet vekkjast kvar time sjølv om det er om natta. Elles vekkjast barnet kvar 2.-3. time om natta.

Du skal sikre deg at barnet vaknar når du vekkjer det.

Kor lenge skal ein observere?

Vi anbefaler at ein observerer barnet det første døgnet. Der dei første 6 timane etter skaden er spesielt viktige.

GENERELLE RÅD

Det første døgnet, og elles dei påfølgjande dagane, viss ikkje barnet er heilt bra, anbefaler vi at barnet unngår:

- Langvarig TV-titting eller lesing
- Data- og videospel
- Sport

Barnet kan gå i barnehage eller på skolen neste dag om det ikkje har nokre plager, men dersom skaden skjedde om kvelden, kan det vere rimeleg at barnet er heime neste dag.

KONTAKT MED SKADEPOLIKLINIKKEN

Dersom de er det minste i tvil om noko med barnet, **ta kontakt på telefon 116/117 for råd og rettleiing.**

Dersom de meiner det er nødvendig med ei ny legeundersøking, er de sjølvstilt velkomne til Skadepoliklinikken for ei ny vurdering når som helst på døgnet.